

Prosjekt likeverd, likestilling og inkludering

Bakgrunn

Jfr. oppdragsspesifikasjon.

Prosjekt likeverd, likestilling og inkludering er sett i gang på bakgrunn av vedtak i Fylkestinget 09.12.2014, og det skal utarbeidast ein handlingsplan mot mobbing og diskriminering. Prosjektgruppa tolkar oppdraget slik at dette vert ein generell plan for likeverd, likestilling og inkludering. Planen skal vera eit verktøy for fylkeskommunen til å setja i verk tiltak for å bidra til auka inkludering på alle område. HFK sitt samfunnsoppdrag vert utøvd på fleire ulike felt, som arbeidsgjevar for ca.4000 tilsette, som skuleeigar og som tenesteytar for innbyggjarane.

Sjå elles oppdragsspesifikasjon

Formål med prosjektet (effekt mål)

HFK sine verdiar skal gjenspeglast i denne planen. HFK skal vera ein demokratisk og best mogleg tenesteytar og arbeidsgjevar med like moglegheiter for alle. Eit uttalt mål for fylkeskommunen er å redusera fråfallet i den vidaregåande skulen, og ein føresetnad for å få dette til, er eit medvite og positivt syn på mangfald og inkludering. Vidare har HFK forplikta seg som ein IA-bedrift, der arbeidstakarane skal oppleve at dei vert varetekne og verdsette uavhengig av kjønn, etnisitet, seksuell legning, alder, funksjonsevne eller livssyn og politisk ståstad.

Denne handlingsplanen skal motverka alle former for diskriminering, og HFK skal med dette verktøyet kunna utnytta kompetansemangfaldet i samfunnet på ein betre og meir målbar måte.

Det er likevel slik at måla i denne planen vil vera mindre målbare, både kvantitativt og kvalitativt, enn i mange andre planar. Dette heng saman med at t.d. både fråfall og sjukefråver er storleikar som har svært samansette årsaker. Derfor vil det vera vanskeleg å lesa ut frå statistikkar i kva grad denne planen har lukkast. Samstundes er det svært viktig for HFK å ha ein plan som ein kan vurdere den auka innsatsen for inkludering, likeverd og likestilling etter.

Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjekt mål)

Den konkrete planen skal vera ein handlingsplan som peikar på innsatsområde der HFK kan verta betre når det gjeld inkludering og likeverd. Planen skal vera eit grunnlag for det konkrete arbeidet på dei ulike avdelingane og einingane, og han skal gje føringar for tiltaka som skal setjast i verk.

Avgrensing

Planen skal peika på tiltak, men skal ikkje utforma dei konkrete rutinane. Prosjektet skal heller ikkje stå for oppfølginga.

Interessentanalyse

Det vil vera fleire viktige interessentar i dette prosjektet, både eksterne og interne. Prosjektgruppa vil rådføra seg med ulike miljø og organisasjonar, og me kjem tilbake til dette punktet når gruppa er i gang med arbeidet.

Risikovurdering

Dette er og noko ein vil koma tilbake til undervegs i arbeidet, men det kan nemnast alt no at ein openberr risikofaktor er at ein med eit slikt planarbeid skapar forventningar som av ulike årsaker ikkje vert følgde opp. Dette kan i neste omgang skada omdømmet til fylkeskommunen. Det er dessutan eit stort arbeid å kvalitetssikra planen med tanke på at han følgjer lovverket, her ligg og risikofaktorar.

Aktivitetsplan

For å sikra framdrift i prosjektet, planlegg prosjektleiinga 3 møte i prosjektgruppa før jul:

- 09.11 (Oppstart) kl.1230-1500 Presentasjon av gruppa, prosjektet og bakgrunnsstoff. Drøfting av arbeidsformer og innhald i planen. Om mogleg, fordeling av skriveoppdrag.
- 24.11 kl.1300-1500 Gjennomgang av innkome stoff. Drøfting av omfang og disposisjon. Vidare fordeling av skriving.
- 11.12 kl.0900-1130 Drøfting av disposisjon og gjennomgang av einskildavsnitt.

Ein grundig disposisjon over innhaldet i planen må vere klar før jul. Prosjektgruppa må i samarbeid med styringsgruppa avgjera om arbeidet skal opp i info- og drøftingsmøte før jul. Samarbeid med kommunikasjonsavdelinga er naudsynt for å planleggja om, når og korleis prosjektgruppa skal gå ut med informasjon om arbeidet.

- I 2016 er det førebels berre sett opp møte 12.01 kl.0900-1100: Redigering av stoff. Innan dette møtet må det meste av det som skal skrivast vere vere klart, slik at prosjektgruppa kan jobba effektivt med redigeringa.
- Innan ca.20.01 må det liggja føre eit råutkast til plan. Målet er politisk handsaming i løpet av våren 2016, det vil seia at det endelege produktet bør vera på plass frå prosjektgruppa si side innan medio mars.

Tidsplan

Oktober 2015 – vår 2016. Sjå elles aktivitetsplanen over.

Plan for kommunikasjon og rapportering

Det skal først referat frå møta i prosjektgruppa. Det er ein føresetnad at den breitt samansette gruppa hentar reaksjonar og innspel frå sine respektive avdelingar/organisasjonar undervegs i arbeidet. På grunn av den avgrensa tida me har til rådvelde, kjem me ikkje til å leggja framlegg ut til høyring, men eventuelt knyta til oss ekstern kompetanse på ulike område. Prosjektgruppa vil og ta kontakt med Kommunikasjonsavdelinga i HFK med tanke på omtale på t.d. intranett, info- og drøftingsmøte, HAMU, toppleiargruppa, rektorsamlingar, etc.

Ressursberekning

Sjå oppdragsspesifikasjon.

Organisasjon

Prosjektet vert organisert med ein prosjekteigar, ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe. Prosjekteigar er identisk med oppdragsgjevar.

Styringsgruppa:

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon Ingrid Holm Svendsen, HR-direktør Geir Davidsen og Leiar seksjon skule, Opplæringsavdelinga, Linda Farestveit.

Prosjektgruppa:

Ruth Brudvik, leiar/BHT-sjef, Benedicte Meyer, sekretær/hovudtillitsvald Udf., Frode Mannsåker, HR-leiar, Laila Kleppe, seniorrådgjevar, Opplæringsavd., Anne Mette Nesje Porten, spesialrådgjevar, Regionalavdelinga, Mari-Kristin Morberg, rådgjevar/mobbeombod Opplæringsavd., Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod, Sølve Sondbø, hovudtillitsvald Naturviterne

Prosjektgruppa vel om dei vil knyta til seg andre personar dersom dei har trong for utfyllande kompetanse.

Korleis prosjektet heng saman med andre oppgåve eller prosjekt

Dette prosjektet heng naturleg saman med det generelle haldningsarbeidet som Hordaland fylkeskommune gjer i samband med fråfall i vidaregåande opplæring, som IA-bedrift og i leiaropplæringa. Vidare må det sjåast i ljøs av prosjektstillinga som mobbeombod som er oppretta, revisjon av Tiltaksplan for likestilling og likeverd i Hordaland fylkeskommune (2008), samt Overordna HMT-plan og Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Hordaland fylkeskommune som vart godkjende i 2014. HFK ønskjer og å verta LHBT-sertifisert.

Gevinstrealisering

Arbeidet med ein slik plan vil truleg føra til viktige gevinstar på litt sikt. Det vil likevel vera vanskeleg å måla konkret gevinst, for det vil alltid kunna vera fleire ulike og samansette årsaker til at inkluderings- og likestillingsarbeid gir gode resultat. Men både når det gjeld å styrka omdømmet til fylkeskommunen, å redusera sjukefråværet og å rekruttera dei beste medarbeidarane, er det ikkje tvil om at ein overordna plan kan gi store gevinstar. Det viktigaste for å oppnå gevinst vil likevel vera at planen vert nytta aktivt i ulike samanhengar.

Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt

- Det ferdige utkastet skal til politisk handsaming våren 2016, og det vil etter det vera Fylkesrådmannen som er ansvarleg for oppfølging av planen via toppleiargruppa og vidare i linja.
- I og med at dette er ei politisk bestilling, er det eit politisk ansvar å avgjera korleis evalueringa skal skje.